



Referat

Arbeidsgruppa i Ryfylke vassområde

Tid: 07.01.20 kl. 09.30-11.10

Sted: SKYPE

Til stades:		
Hjelmeland kommune	Torborg Kleppa	X
Gjesdal kommune	Gudrun Kristensen	X
Sandnes kommune	Monica Nedrebø Nesse	X
Sauda kommune	Øyvind Ljung	X
Strand kommune	Trond Leirflåt	X
Suldal kommune/Sekretariat	Jarle Lunde	X
Fylkesmannen i Rogaland, landbruksavd.	Nono Dimby	Meldt forfall
Fylkesmannen i Rogaland, miljøvern avd.	Ørjan Simonsen	X
Rogaland fylkeskommune	Steinar Eldøy	X
Odda kommune	Torstein Backer-Owe	Møter berre etter sak/behov
Vinje kommune	Dorthe Huitfeldt	Møter berre etter sak/behov
Bykle kommune	Sigrid Bjørgum	Møter berre etter sak/behov



Saker

01/20 Status og vegen vidare når det gjeld organisering av vassområde

Vassområdekoordinator

Som tidligare referert går Jarle over i ny stilling i Suldal kommune. Stilling som vassområdekoordinator vil bli lyst ut så snart alle avtalar med vertskommunar er på plass. Kommunane er bedt om å sette av midlar. Det er uklart om dette har gått i orden i alle kommunane. Suldal kommune vil i samarbeid med Rogaland fylkeskommune utarbeide å sende ut kontrakt.

Jarle blir i stillinga til ny vassområdekoordinator er på plass.

Nye vassområdeutval og politikaropplæring

Etter kommune og fylkesvalet hausten 2019 skal nytt vassområdeutval konstituerast. Alle representantane er ikkje klare, men dette vil vere på plass med det første. Det blir felles politikaropplæring for alle vassområdeutvala i Rogaland. Truleg blir dette i Stavanger 29. januar. Det vil bli satt av tid til å konstituere kvart enkelt vassområdeutval. Programmet for kurset er ikkje klart.

Det blei framheva som viktig at ein presenterer kva ulike sektorar gjer i vassforvaltningsarbeidet, frivillige tiltak i jordbruket, og rolla til vassområdeutvalet.

02/20 Status for undersøkingar/prosjekt

Sjøaureprosjektet i Rogaland går godt. Omtale, møtereferat og kunnskapsgrunnlaget er å finne på vannportalen: <http://www.vannportalen.no/vannregioner/rogaland/sjoaureprosjektet/>

Hausten 2019 blei 23 bekker i Sauda, Suldal og Hjelmeland fagleg kartlagt av Rådgivende biologer på oppdrag av Ryfylke vassområde. Rapportskriving er i sluttfasen og blir levert med det første.

Vassområde vil få gjennomført tilsvarande kartlegging i 2020 i Hjelmeland, Strand og Sandnes. Finansiering er delvis på plass.

Cowi har gjennomført tilstandsundersøking i Åbødalsvassdraget på oppdrag frå Ryfylke vassområde. Rapport blir levert med det første.

Det er i 2020 planlagt tilstandsundersøking (eutrofi) av Nattlandsvatnet i Suldal (ny), samt kartlegging av bekken frå Issalsvatnet i Strand. Finansiering er på plass.

Det blei spelt inn at ein må vurdere tilstandsundersøking i Erevikvatnet i Strand. Vassområdekoordinator ser nærare på dette (må ses i samanheng med elvemuslingundersøking?).

Årdalsfjorden er ein terskelfjord som kjem ut med dårleg tilstand, men korleis er eigentleg naturtilstanden? Kan dette bli undersøkt? Ørjan er usikker på om dette er mogleg å få til i 2020, men vil sjå på saka.

03/20 Søknadar om tiltaksmidlar og fiskefondsmidlar

Søknadsfristen er 15. januar for å søke om tilskot til tiltak som betrar miljøtilstanden i ferskvatn og kystvatn. Det same gjeld fiskefondsmidlar.

- Då rapporten frå Rådgivande biologar med forslag til tiltak i sjøaurebekkar ikkje føreligg pr dags dato (deler av utkast er mottatt) blir det vanskeleg å søkje om midlar til dette no,

men ein vil sjå dette litt ann i den siste veka før fristen då deler av rapporten vil bli levert.

- Ryfylke vassområde vil søke om fiskefondsmidlar til å fortsette den fagleg kartlegginga av sjøaurebekkar.

- Vassområde vil saman med NJFF Rogaland søke om tiltaksmidlar for å gjennomføre tiltak i Ereviksbekken og Bergsvikbekken i Strand, samt Nedre Eiaåna i Sandnes.

Vassområde har finansiert konsulent for detaljplanlegging av tiltak.

- Suldal kommune vil søkje tiltaksmidlar for å gjennomføre tiltak nedst i Jelsabekken

- Hjelmeland kommune vil prioritere tiltak i Skiftunbekken, men vil ikkje søkje midlar i denne runden

- Ryfylke vassområde vil saman med NJFF Sauda søkje midlar til tiltak i Risvollelva

- Elveigarlaget i Dirdal og Gjesdal kommune vil truleg søke om midlar til tiltak.

I alle søknadar som handlar om sjøaure bør det vere med eit avsnitt om sjøaureprosjektet i Rogaland og at tiltaket er del av dette. Det er utarbeide eit forslag til tekst:

Sjøørretprosjektet i Rogaland er et samarbeid mellom vannområdene i Rogaland vannregion, mange av kommunene, Fylkesmannen i Rogaland, Rogaland fylkeskommune, Norges jeger- og fiskerforbund (ved en rekke lokallag) og flere elveeierlag. Samarbeidet er etablert ut fra at mange av samarbeidspartnerne ser at påvirkningene på sjøørreten og sjøørret bekkene er omfattende, og at det mange steder er behov for omfattende tiltak. Prosjektet er blant annet blitt til som en del av arbeidet med Regional plan for vannforvaltning og arbeidet i vannområdene. Rogaland fylkeskommune og Fylkesmannen i Rogaland med flere har gitt økonomisk støtte til organisering av prosjektet og kartlegging av potensielle sjøørretbekker. For mange av bekkene er nå kartleggingene basert på god fiskebiologisk kunnskap fullført og tiltak planlagt, slik at det nå er behov for finansiering av tiltakene for å kunne gjennomføre de.

Mer informasjon om sjøørretprosjektet finnes på denne lenken;

<http://www.vannportalen.no/vannregioner/rogaland/sjoaureprosjektet/?id=87051>

Når det er relevant må bør det og visast til Regional vassforvaltningsplan. I kapittel 6.2 blir det omtalt 7 prioriterte tiltaksområder i planperioden 2016-2021. «Habitatforbedrende tiltak» er eit av disse tiltaksområda (side 101).

04/20 Arbeidet med rullering vassforvaltningsplanen

Regionalt planprogram blei vedteke i november. Revidert vassforvaltningsplan med tiltaksprogram skal på høyring til hausten. Det som er viktigast nå er å få inn forslag til tiltak og leggje dette inn i vann-nett. Fristen for dette er 1.mars. Fylkeskommunen sender ut brev til kommunar, lag og organisasjonar om dette. Vassområdekoordinator tek deretter kontakt med kommunane og avtalar eit møte der me går gjennom påverknadar, kunnskapsgrunnlaget og forslag til tiltak. Det blir da viktig at interessene landbruk, avløy, naturmangfald, friluftsliv er representert.

Det bør leggest ut informasjon på nettsider at det er ønskeleg med innspel, t.d. dei kommunale, slik at privatpersonar, grunneigarar og lag kan komme med forslag.

05/20 Eventuelt

Orienteringssaker frå vassområdekoordinator

- Deltok på nasjonal vassområdekoordinatorsamling på Voss i november. Presentasjonar finn ein her : <http://www.vannportalen.no/kalender/gjennomforte-arrangementer/2019/presentasjoner-1/>
- Deltok på villaks- og sjøørretseminar i regi av NJFF Rogaland på Sola 28. november. Presenterte sjøaureprosjektet. Presentasjonar finn ein her: https://www.njff.no/fylkeslag/rogaland/Sider/VILLAKS-OG-SJOAURENS-FREMTID-I-ROGALAND-ET-VELLYKKET-SEMINAR.aspx?fbclid=IwAR230ZXkLbp_5UbNhPS2sq_7nYomtqmEqyiwTcPfdYBtsGgfXdkUned9IRE
- Deltok i kurs i tiltak, kostnadsberekningar og tiltaksregistrering innan avløp og jordbruk, 3. desember. Presentasjonar finn ein her: <http://www.vannportalen.no/vannregioner/rogaland/nyheter/presentasjoner-fra-kurs-i-tiltak-kostnadsberegninger-og-tiltaksregistrering-innen-avlop-og-jordbruk/?id=87019>
- I desember var det oppstart av ein Samarbeidsråd/fagråd for Suldalslågen. Positiv dialog. Det er starta opp eit prøveprosjekt med ripping i elva. Vassområdekoordinator har ikkje delteke i andre fagråd i Ryfylke (Dirdal, Årdal, Espedal?), men ser dette som aktuelt framover.
- Det har vore eit temamøte angående arbeidet med vassforvaltningsplanen og sterkt modifiserte vassførekomstar i Rogaland (Miljødirektoratet, NVE, fylkesmannen, fylkeskommunen og Ryfylke vassområde). Påverknad og aktuelle tiltak blei gjennomgått for alle sentrale vassdrag. Referat frå møte er under arbeid.
- Rennesøy og Finnøy kommune er frå 2020 del av Stavanger kommune og går frå Ryfylke vassområde til Jæren vassområde. I denne samanheng var det i desember eit møte mellom dei tre kommunane, fylkeskommunen og vassområdekoordinator på Jæren og Ryfylke. Tema var påverknad og tilstandsstatus i den nye kommunen og organisering av framtidig vassforvaltningsarbeid. Referat frå møte er under arbeid.
- Krav om revisjonsvilkår:
 - o Suldal kommune og Odda kommune sende i november krav av revisjonsvilkår for Røldal-Suldal.
 - o I forhold til krav om revisjonsvilkår for Ulla-Førre blei revisjon opna av NVE i november. NVE har gitt Statkraft pålegg om å utarbeida eit revisjonsdokument innan juni 2020. NVE, Statkraft, Hjelmeland og Suldal kommune har hatt dialogmøte om saka.
 - o Meir informasjon om desse sakene: <http://www.vannportalen.no/vannregioner/rogaland/vannomrader/ryfylke/vasskraft-og-vilkarsrevisjon/>

Anna

Medlemmer i NJFF har fleire gangar har meldt i frå til kommunar om at dei ser utslipp, men at kommunen ikkje grip tak i dette. Dette er ei problemstilling som må tas tak i. Diskusjon i seinare møte.

Referent
08.01.20
Jarle Lunde